

SAK TIL EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE I VALLDAL IDRETTSLAG 13. OKTOBER 2020

SKISKYTTARSTADION/STANDPLOSS OG TURLØYPER/SKILØYPER PÅ GRØNNINGSÆTER-HØGHJELLE

Ei arbeidsgruppe i Valldal idrettslag har utbeidd planar for skiskyttarstadion/standplass med tilhøyrande turløyper/skiløyper på Høghjelle/Grønningsæter.

Dei siste åra har skiskyting blomstra opp i Valldal grunna stort engasjement. Dette har gjeve eit godt miljø for alle som likar denne idretten. Valldal har ikkje godkjent heilårsarena for skiskyting. Dette vil ein rette på gjennom dei aktuelle planane, og det vil kunne oppretthalde og auke den gode aktiviteten i åra som kjem.

På årsmøte i Valldal idrettslag 10. juni 2020 vart det gjort følgjande vedtak i årsmøtesak 10

1. Årsmøtet godkjenner førebelse planar for skiskyttaranlegg og reserveanlegg for ski på Høghjelle/Grønningsæter innanfor ein kostnad på inntil 4 mill kroner.
2. Føresette underskrivne grunnavtalar, kan enklare tiltak startast opp i 2020 innanfor ein kostnad på 200.000 kroner. Dette omfattar grøfting av våte parti, planering stadion, voll bak skiver, fundament for skiver og midlertidige skiver.
3. Endelege planar for anlegget med kostnader, finansiering og driftsplan skal leggest fram for godkjenning av ekstraordinært årsmøte før søknadsfrist for spelemidlar i oktober 2020.

Arbeidet er kome vidare og det er nødvendig å gjere eit endeleg vedtak om utbygging av anlegget. Dette omfattar også fastsetting av kostnadsrammer og finansieringsplan. Det er også viktig å ha plan for drift av anlegget når dette er ferdig og kva årlege kostnader dette vil gje.

EIGARTILHØVE -

Det vert inngått langsiktige leigeavtalar for det planlagde anlegget. Dette gjeld både for skiskyttarstadion og løypenett. Avtalelengd vert 30 år og alle avtalar vert tinglyst. Fleire grunneigarar, også eit sameige, er omfatta av planane. Sjølv om alle avtalar ikkje er underskrivne enno, har alle grunneigarar stilt seg positiv til planane. Planane som det vert søkt tilskot omfattar skiskyttarstadion/standplass og turløype/skiløype med lys på om lag 2,5 km.

I tillegg vert det arbeidd med planar for tilrettelegging av eit lengre løypenett i området. Det er då tenkt lite opparbeiding i terrenget, enkle grunnavtalar og berre bruk om vinteren. Denne saka gjeld ikkje dette løypenettet.

SØKNADSOBJEKT -

Grønningsæter/Høghjelle ligg på om lag 300 moh og vert rekna som svært snøsikkert. Med dei endringar i klima som ein no ser, må nye skianlegg leggest til høgare område og der ein av erfaring veit at det legg seg snø. Difor vert det planlagde anlegget eit nytt anlegg for skiskyting, men også reserveranlegg for langrenn og trimaktivitet. Valldal idrettslag sin hovudanlegg for langrenn skal framleis ligge på Omenås, men erfaring dei seinare åra viser at brukstida på dette går ned p.g.a. vanskelege snøforhold. Då er det viktig å ha eit snøsikkert reserveområde tilgjengeleg.

Planane omfattar følgjande:

- Skiskyttarstadion og standplass med 15 skiver. Dette er moderne skiver med elektronisk opptrekk og stort fokus på miljø. Asfaltert standplass for reinheit og mulegheit for barmarkstrening og rulleski
- Turløype/skiløype på 2,5 km for heilårsbruk planert og drenert for bruk ved lite snø.
- Skistadion for å kunne arrangere langrenn/skiskyting
- Lys på skiver, standplass, stadion og i løype

KOMMUNAL PLAN -

Både skiskyttaranlegg og turløype/skiløype med lys i Valldal er med i handlingsdelen i Fjord kommune sin delplan for idrett og fysisk aktivitet. Difor er dette ein anlegg der det kan søkast spelemidlar.

UNIVERSELL UTFORMING -

Anlegget vert bygt i samsvar med reglar for universell utforming. Alt vert bygt på ei flate. Det vil ikkje vere nivåskilnader på område eller særskilde installasjonar som vere til hinder for synshemma. Standplass vil vere asfaltert for sommarbruk og det vert muleg med enkelt tilkomst frå kommunal veg. God preparering på vinter vil sikre at personar med nedsett funksjonsevne kan bruke anlegget.

BEHOVSVURDERING-

Valldal idrettslag har dei siste åra hatt god og aukande aktivitet i skiskyting. Det er ein mindre, enkel standplass på Myklebust men i alt 8 skiver/sjølvanvisarar. Denne ligg i tilknytning til lysløypa og standplass/skiver har lys. Det er imidlertid fleire utfordringar med dette. Det er for liten kapasitet med den interessa det no er for skiskyting. Å måtte "vente på tur" for å få skyte er demotiverande og kan vere øydeleggande for breidda og interessa. Ustabile snøforhold har tidvis gjort kombinasjonen ski og skyting utfordrande. Anlegget kan brukast kun om seinhausten og vinteren, det er ikkje tilgjengeleg for barmarkstrening om sommaren. Miljømessig er det heller ikkje godt nok.

For å få tilby ein godkjent ein moderne heilårsarena for skiskyting må det tenkast nytt anlegg og då må dette leggest til eit området der det vil vere snø frå november til april.

Valldal idrettslag sitt hovudanlegg for langrenn skal, som tidlegare nemnd, framleis vere på Omenås med skiløype på 5 km med lys. Vi opplever vintrane vert mildare og snøforholda

nede i dalen vert meir og meir ustabile. Dersom langrenn framleis skal vere eit satsingsområde for idrettslaget må det leggjast til rette eit reserveområde både for konkurranseløparar, turløparar og mosjonistar. Ei løype med lys på 2,5 km vil vere eit godt alternativ, når snøen på Omenås er fråverande.

Det kan gjerne hevdast at det vert store avstandar og å bygge eit nytt anlegg som ligg langt vekk frå klubbhus og stadion, vil gjere drifta meir krevjande m.a. når det gjeld preparering. Slike moment er vurdert, men det hjelper heller ikkje å ha skianlegg utan snø. Det har også vore vurdert snøproduksjonsutstyr på Omenås, men dette er krevjande å drifte, det er dyrt i drift og krev gode temperaturforhold får å ha effekt.

Det er for tida berre tre fullverdige skiskyttaranlegg i Møre og Romsdal, i Sunnlyven, i Volda og på Molde. I tillegg er det anlegg i Hornindal og Stryn. Desse ligg for langt frå Valldal for å brukast til faste treningar. Eit nytt anlegg i Valldal vil også kunne vere med å auke interesse for skiskyting på indre delar av Sunnmøre.

Ei kombinert turløype med lys for bruk på barmark og skiløype vil vere eit attraktivt tilbod både for fastbuande og gjestar. Eit lengre skiløypenett for bruk på dagtid, som ein etter kvart ser for seg, vil auke verdien ytterlegare. Dette må også sjåast på som helsefremmande og kan vere med å sikre grunnlaget for busetting i bygda.

ANLEGG

Den planlagde utbygginga vert delt i tre ulike prosjekt når det gjeld søknad om spelemidlar,

- Skiskyttarstadion/standplass
Dette omfattar 15 overbygde skiver/sjølvanvisar med lys og elektronisk opptrekk, fangvoll bak og på sida som ivaretek sikkerheit i h.h.t. regelverket, planert og asfaltert standplass og lys på standplass
Standplass og kommunal veg på Grønningsæter vil verte knytt saman for å kunne bruke standplass for barmarktrening og rulleski
- Turløype/skiløype på 2,5 km
Rydd, planert og drenert i 5 – 8 meter breidde, dekt med bark eller tilsådd.
Tilgjengeleg for bruk gjennom heile året
- Lys i turløype/skiløype
Om lag 50 lyspunkt i løypa og på skistadion. LED lys

Sjølv dette er sett opp som tre prosjekt må utbygging skje samtidig, for å få til eit fullverdig anlegg.

Området og planar er vurdert av anleggskonsulentar både i Norges Skiforbund og Norges Skiskyttarforbund. Begge forbund er særst positive og støttar planane. Politiet har gjort sine vurderingar m.o.t. sikkerheit og har ingen merknader. Siste kommunestyret i Norddal kommune var på befaring og vart gjort kjent med planane slik dei var på det tidspunktet.

SERVICEBYGG-TOALETT

I dei aktuelle planane er det ikkje med servicebygg/varmestove med toalett. Dette må eventuelt kome i seinare planar for vidareutvikling av anlegget. For toalettlysing kan det tenkjast samarbeid andre t.d. Nasjonal turistveg.

Det vil allereie no vere nødvendig i sette opp eit mindre bygg/lager for oppbevaring av skytematter, kikkert, pappskiver og anna utstyr som trengs på skytebana. Saman med dette må det settast opp eit midlertidig toalett. Det er heilt nødvendig å ha eit toaletttilbod, sjølv anlegget i utgangspunktet vil vere eit treningsanlegg.

KOSTNAD-

Det er gjort kalkulasjon av kostnader for dei tre ulike delprosjekta. Prisar er innhenta frå leverandørar og entreprenør, og grunnlag for dugnad er vurdert av fagpersonar

Skiskyttarstadion/standplass med lys	kr 1.930.000 inkl mva
Turløype/skiløype	kr 1.020.000 inkl mva
<u>Lysanlegg i løype</u>	<u>kr 920.000 inkl mva</u>
Sum	kr 3.870.000 inkl mva

FINANSIERING-

Det vert søkt om spelemidlar til kvar av dei tre delanlegga. Oppsummert vert det lagt opp til følgjande finansiering

Spelemidlar	kr 1.610.000
Dugnad	kr 525.000
Gåver/sponsor, søknader til bedrifter sendt	kr 535.000
Fjord kommune, søknad sendt	kr 650.000
<u>Valldal idrettslag/mva kompensasjon</u>	<u>kr 550.000</u>
Sum	kr 3.870.000

DRIFT –

Valldal idrettslag sitt hovudanlegg for langrenn er på Omenås og når der er forhold, vil det vere fokus på å ha gode og preparerte løyper der. Trakkemaskin vil i slike periodar vere plassert på Omenås.

Skiskyttarstadion/standplass på Grønningsæter-Høghjelle vil verte preparert med anna utstyr som laget har, Skjeldalfres og snøskuter med rull. For bruk av Skjeldalfres må det gjerast avtale med traktoreigar(ar) for preparering. I periodar det ikkje er forhold for ski på Omenås vil trakkemaskin kunne transporterast til det nye anlegget og brukast der. Dette kan først og fremst vere aktuelt i endane av sesongen, altså på førjulsvinteren og utover mot våren.

Vedlikehold og drift av anlegget vert organisert med at ansvar vert lagt til ulike grupper

- Lysnemnd, med ansvar for lys og stolpar
- Løypenemnd med ansvar for rydding og tilsyn med turløype/skiløype
- Trakkemaskinnemnd, med ansvar for organisering av trakking av skiløyper
- Standplassnemnd, med ansvar for skiver, lys mm

Drift og vedlikehold vil omfatte

- Rydding og tilsyn med turløype på barmark
- Rydding og tilsyn med standplass etter bruk
- Tilsyn og vedlikehold med skiveanlegg
- Tilsyn med lys på stadion og i løype
- Preparering av skiløype og standplass

Det er berekna følgjande driftskostnader på anlegget dei første åra:

- preparering av løyper, standplass, stadion, 5 timar/veke, 20 veker	kr 30.000
- straumutgifter, lys,	kr 7.500
- rydding/vedlikehold av løyper, stadion, barmark. 30 timar pr år	kr 7.500
- diverse vedlikehold, rekvisita, standplass/skiver	kr 5.000
- <u>leige av grunn</u>	<u>kr 6.000</u>
Sum	kr 56.000

Ein del av desse oppgåvene kan utførast med dugnadsarbeid, medan for andre må det skaffast tilsvarande inntekter eller finansiering gjennom ordinær drift til idrettslaget. Ein del kostnader til preparering kan allereie ligge i drift av løype på Omenås og kan i enkelte periodar overførast til det nye anlegget. Det vert seld reklameplassar på standplass for finansiering av anlegget. Det er ein ambisjon om å kunne halde fram med desse avtalane for å kunne finansiere drift, men det vil ta tid før det vert avklara

Det vert sendt søknad om spelemidlar for 2021. Truleg vil anlegget ikkje få tildelt midlar i 2021. Det er også sendt søknad til Fjord kommune og større og mindre sponsorar, t.d. Sparebanken Møre. Dersom det ikkje vert løyvd spelemidlar i 2021 og ein likevel vel å starte opp utbygging, må det på plass ei mellomfinansiering, anten gjennom banklån, kommunal forskottering eller lån av ledige midlar i laget.

I utgangspunktet er det planlagd oppstart for fullt i 2021, med ferdigstilling til sesongen 2021/22. Dette må imidlertid vurderast mot kva finansiering som er på plass, og kva ev mellomfinansiering som er mogeleg og kostnad til dette.

Forslag frå styret til vedtak til ekstraordinært årsmøte 13. oktober 2020:

1. Årsmøtet i Valldal idrettslag godkjenner planar for bygging av skiskyttarstadion/standplass og turløype/skiløype med lys
2. Det skal etablerast midlertidig toalettløysing i tilknytning til anlegget
3. Utbygging av anlegget skal gjerast innanfor ei kostnadsramme på kr 3,9 mill inkl mva
4. Finansiering av anlegget ved spelemidlar, dugnad, tilskot/sponsor og eigenkapital Valldal idrettslag/mva-kompensasjon
5. Det skal innhentast i alt kr 1.185.000 i kommunalt tilskot og/eller sponsor. Alternativt kan det takast opp lån i bank på inntil kr 500.000 med nedbetaling over 20 år, for å dekke manglande tilskot/sponsor
6. I byggetida kan det takast opp byggelån på inntil kr 3,0 mill. Lånet skal nedbetalast snarast råd ved utbetaling av tilskot og anna økonomisk støtte. Maks løpetid på er 1 år